



Arkivnr: 2015/189-1

Saksbehandlar: Tom Arne Steinstad

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		21.01.2015
Fylkesutvalet		29.01.2015

#### Endring av transportvedtekter

##### Samandrag

Då fylkestinget handsama årsbudsjettet for 2015 i desember, vart det gjort vedtak om å endre reglane for samanleggbar syklar i transportvedtekten for Hordaland.

I haust vart det òg diskutert å søke om ei auke i gebrysatsane for reisande utan gyldig billett, i tråd med auka NSB og Ruter nyleg har fått godkjent.

Fylkesrådmannen innstiller på at ein sender søknad til Samferdselsdepartementet om begge desse sakane.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til føreslårte endringar i transportvedtekter, og ber fylkesrådmannen førebu og sende søknad til Samferdselsdepartementet om gjennomføring av desse endringane.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.01.2015

### Samanleggbare syklar

10./11. desember 2015 vedtok fylkestinget å endre reglane for samanleggbare sykler som skal takast med på kollektive transportmiddel. Vedtaket lyder som følgjer:

«Sammenleggbare sykler kan i dag medtas på kollektivtransport uten ekstra pristillegg, dersom de har på seg trekk. Dette virker noe kunstig, og fylkestinget vedtar at sammenleggbare sykler kan medtas uten trekk, så lenge de ikke settes på sete/tar opp sete eller i midtgang».

Vedtaket krev at det vert sendt ein søknad til Samferdselsdepartementet om endring av transportvedtekten i Hordaland. I søknaden må det gå fram at ordet emballert tas ut av dei noverande vedtekten, slik:

#### § 11 Barnevogner og syklar

Barnevogner kan takast med i den grad det er plass, og skal plasserast slik skilt, førar eller anna personale viser. Barnevogner må sikrast eller plasserast slik at dei ikkje fell over ende.

Syklar kan berre takast med så langt plassen rekk og det framstår som forsvarleg. Samanleggbar emballert sykkel vert rekna som handbagasje Det er i alle tilfelle personale/førar som avgjer om det er plass.

### Auka sats for straffegebyr

Tiltak som hindrar sniking er viktig for å sikre inntektene til Skyss. Høge straffegebyr har i seg sjølv ein preventiv effekt, og fylkesrådmannen foreslår derfor at det vert sendt søknad om å auke gebrysatsane for å reise utan gyldig billett, og at det vert innført ei differanse mellom betaling på staden og etterskotsvis betaling med faktura. Ruter og NSB innfører tilsvarende endring gjeldande frå 1. februar 2015, og fylkesrådmannen tilrår at ein søker om å innføre dei same satsane i Hordaland. Nye satsar blir dermed:

- Betaling med faktura: kr 1150
- Betaling på staden: kr 950
- Ungdom mellom 15 og 18 år: kr 950 uavhengig av oppgjersform